Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Eli Marita Vik Næss / 57655744	18/190034-4		18.09.2018

Fv. 60 Utvik, Storelva bru

Vi viser til fylkestingssak 24/18 Fv. 60 Storelva bru i Utvik – val av løysing. Her vart det gjort følgjande vedtak:

1. Ny Storelva bru vert bygd ihht vedlagde forprosjekt, utan fortau. Prosjektet vert gjennomført som eit større vedlikehaldsprosjekt.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å fastsette endeleg kostnadsoverslag og finansieringsplan, då basert på vedteken reguleringsplan. Tiltaket vert finansiert ved tildelte skjønnsmidlar frå KMD (til oppattbygginga), samt ved uttak frå fylkeskommunen sitt eige skadefond for utføresette hendingar på fylkesveg. Den endelege fordelinga mellom desse to postane vil avhenge av tiltaket sin endelege kostnad.

Vi har starta arbeidet med reguleringsplanen, og vi regulerer i samsvar med vedtaket i fylkestinget, dvs. det som skal byggjast, bru utan fortau. Dette fekk vi stadfesta i styringsmøtet 6. september. Dersom det skal regulerast med fortau, så må Stryn kommune ta meirkostnaden.

Vi har fått tilsendt brev av 14.9. 2018 frå Stryn kommune. Dette ligg vedlagt. Her går det fram at formannskapet i Stryn kommune har gjort følgjande vedtak i møte 12.9:

1. Stryn kommune krev regulering av gangsamband (fortau) frå ende på dagens fortau ved kyrkjegard, over ny bru, og fram til fyrste avkøyrsle på sørsida av FV60.
2. Stryn kommune set rekkefølgjekrav om at gangsamband skal byggjast samtidig med bru frå kyrkjegard til og med over bru.

Vi vil orientere om at vi planlegg i samsvar med vedtak i fylkestinget og som vart stadfesta i styringsmøtet 6. september.

Dette til orientering.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

STRYN KOMMUNE

Ødegård Gun-Mari

Vår ref:	Dykkar ref.	Dato:
18/1127-4/ FA-L13, PLANNAVN-Fv 60 Storelva bru, Utvik JAF		14.09.2018

Vedtak, krav om gangsamband reguleringsplan Storelva bru i Utvik

Viser til oppstartsmøte for detaljregulering av Storelva bru i Utvik der Stryn kommune krev regulering av fortau, og tilbakemelding pr e-post om at fylkeskommunen ikkje ynskjer å ta kostnad med regulering av fortau. I formannskap 12.sep.2018 blei følgjande vedtak fatta.

Formannskapet- 132/18, har i møte 12.09.2018 fatta følgjande vedtak:

1. Stryn kommune krev regulering av gangsamband (fortau) frå ende på dagens fortau ved kyrkjegard, over ny bru, og fram til fyrste avkøyrsle på sørsida av Fv60.
2. Stryn kommune set rekkefølgjekrav om at gangsamband skal byggjast samtidig med bru frå kyrkjegard til og med over bru.

Helsing

Jan Bakke Flore
kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Kari Lin Kyrkjeeide
Kolbjørn Nilsen

Adresse	Telefon	Org. nr	E-post	Internett
Tonningsgata 4, 6783 STRYN	57 87 47 00	963 989 202	postmottak@stryn.kommune.no	www.stryn.kommune.no

STRYN KOMMUNE

Arkiv:	FA - L13, PLANNAVN - Fv 60 Storelva bru, Utvik
ArkivsakID:	18/1127-3
Saksbehandlar:	Jan Bakke Flore

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
132/18	Formannskapet	12.09.2018

Reguleringsplan Storelva bru i Utvik

Bakgrunn for saka:
Kommunalsjef teknisk, Jan Bakke Flore orienterte formannskapet om arbeidet med Reguleringsplan for Storelva bru i Utvik.

Administrasjonen ville ha formannskapet sitt syn på kva standpunkt kommunen skulle ta i forhold til reguleringsplanen Storelva bru , og då særskilt spørmålet om manglande fortau.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Saksopplysningar:
Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen skal utarbeide reguleringsplan for Storelva bru i Utvik.

Stryn kommune har teke opp spørsmålet om kor vidt brua over Storelva også skal ha fortau.

Så langt er ikkje fortau ein del av reguleringsplanen. Eit fortau kan innarbeidast men då må Stryn kommune bære alle kostnader.

Administrajonen bad formannskapet om ei avklaring av korleis Stryn kommune skal svare opp dette til Statens vegvesn og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vurdering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram for formannskapet til drøfting, utan tilråding.

Formannskapet 12.09.2018:

Handsaming:
Etter drøftinga gjorde formannskapet fylgjande samrøystes vedtak:

1. Stryn kommune krev regulering av gangsamband (fortau) frå ende på dagens fortau ved kyrkjegard, over ny bru, og fram til fyrste avkøyrsle på sørsida av Fv60.
2. Stryn kommune set rekkefølgjekrav om at gangsamband skal byggjast samtidig med bru frå kyrkjegard til og med over bru.

FO- 132/18 Vedtak:

1. Stryn kommune krev regulering av gangsamband (fortau) frå ende på dagens fortau ved kyrkjegard, over ny bru, og fram til fyrste avkøyrsle på sørsida av Fv60.
2. Stryn kommune set rekkefølgjekrav om at gangsamband skal byggjast samtidig med bru frå kyrkjegard til og med over bru.